



Søknad om støtte til senior VM i Vektløfting i Sunnfjord, Vestland i 2025

Innleiing

Hausten 2016 ble det oppretta kontakt mellom det internasjonale vektløftar forbundet (IWF) og Norges Vektløftarforbund (NVF) om eit mogeleg VM i Sunnfjord i 2025. Mogelegheitene for dette har blitt tatt opp med både administrasjon og styre i IWF, og tilbakemeldinga opp mot eit VM i Norge har vert udelt positive. Norge har hatt sterke tradisjonar innan vektløfting, og IWF er tydelege på at eit VM i Norge vil kunne ha mykje å sei for utviklinga av både norsk og internasjonal vektløfting – då særleg i vest Europa.

Vidare har det vert gjennomført møte med både kommune og fylke på politisk nivå, tilbakemeldingane her er også svært gode inn mot eit VM i Norge.

Statens reiselivsmelding frå 2017 varsla ei satsing på arrangementsturisme (Meld. St. 19 (2016–2017) - Opplev Norge – unikt og eventyrleg). Her vert det m.a. sagt følgande om arrangementsturisme:

Reisemål utvikler og markedsfører kultur- og idrettsarrangementer for å stimulere lokal og regional næringsvirksomhet. Innovasjon Norge har, i samarbeid med PricewaterhouseCoopers, utviklet en hvitebok for arrangementsturisme som et verktøy for byer og destinasjoner som ønsker å bli bedre på denne typen turisme. I tillegg er det utviklet en «kalkulator» for å beregne den økonomiske effekten av arrangementene. Innovasjon Norge vil, i samarbeid med byene, utvikle en nasjonal arrangementsstrategi for hvordan Norge kan tiltrekke seg internasjonale idretts- og kulturarrangementer som kan gi grunnlag for økt verdiskaping i reiselivsnæringen.

IWF tildela VM alt frå 2-4 år i førevegen, og aktuelle søkerar legg fram sine søknadar for styret i IWF.

Normalt er det fleire søkerar som presenterer sin søknad skriftleg for IWF sitt styre. Styret vurdera innkomne søknadar og tildeler VM etter et sett med krav og kriteria som er opne og kjende for alle involverte.

At det ønskast ein rotasjon på meisterskap i forhold til regionar det arrangerast i er også vel dokumentert og opent diskutert.

Prosessens so langt med å få VM til Sunnfjord har vert open og transparent. IWF har spesielt eit strategisk ønske om å legge eit framtidig meisterskap til «vår» region. Norge er etter det vi til no kjenner til det einaste land i vest Europa som har ønske om å vere arrangør i 2025.

Samandrag

Eit VM i Vektløfting i Sunnfjord i 2025 går over 10 dagar og det vert konkurrert i rykk, støt og samanlagt for kvinner og menn. Det er venta om lag 700 - 800 deltagarar frå meir enn 100 nasjonar, med direkte TV sendingar med høge sjáartal både i Europa, Amerika og Asia.



Det vil vere behov for en arena med ein tilskodarkapasitet på minimum 2000 samt en oppvarmingshall. Førdehuset framstår som den best eigna arenaen. Huset har behov og planar for ein del oppgraderingar/påbygg som vil gjere det endå meir eigna.

Målet med VM-arrangementet i 2025 er å bruke det som et verkemiddel i å skape merksemd rundt vektløftarsporten, og å utvikle idretten gjennom idrettsleg utvikling og auka rekruttering. Det vert i tillegg lagt vekt på å bruke arrangementet som et verkemiddel i ei satsing på auka innsats i integreringa av flyktningar med bakgrunn frå land og kulturar kor vektløftarsporten tradisjonelt står sterkt.

I tillegg til den ikkje-økonomiske nytteeffekten, vart det gjennom grundige analyser i regi av PriceWaterhouseCooper (PWC) og Innovasjon Norge tidlegare vist at Bryte VM som skal arrangerast i Oslo 2021 er lønnsamt for Oslo og for Norge. Det er estimert at Bryte VM vil gje ein regional verdiskaping på ca. 78,9 mill. kr. Det vil komme mange tilreisande, estimatet for antall overnattingsdøgn er på ca. 33 900. Eit VM i vektløfting vil ha 70-80% av deltakarane til eit bryte VM, soleis vil vi legge til grunn at eit VM i vektløfting vil gje ei regional verdiskaping på ca 60 millionar NOK.

Det er sett opp et budsjett på 60 mill. kr. for arrangementet og med eit mindre overskot. Vi meiner budsjettet skal vere robust.

Det vil ikkje vere mogeleg å gjennomføre arrangementet utan offentleg støtte. Det søkast om støtte frå Sunnfjord Kommune, Vestland fylke og Bergen kommune på til saman 10 mill. kr. og frå staten på 10 mill. kr. Skulle beløpet frå kommunar og fylke vere vanskeleg å få på plass, vil vi argumentere inn mot andre departement då vi meiner at eit VM vil ha ein stor effekt inn mot å få til eit godt samarbeide mellom dei fire kommunane som no er blitt til Sunnfjord kommune og dei to fylka som no er blitt Vestland fylke. Vi trur at det er viktig å bruke idrett og kultur for å knyte saman den nye kommunen og det nye fylket på ein rask og god måte.

NVF er opptatt av at arrangementet gjennomførast profesjonelt, at styring av økonomi og andre suksesskriterier skjer på en profesjonell og solid måte og at risiko identifiserast og handterast slik at usikkerheit minimerast. Det å unngå underskot i arrangementet er eit svært høgt prioritert mål.

Vektløfting i Norge og internasjonalt

IWF

Vektløfting er den olympiske styrkeidrett med aktivitet i dei aller fleste land.

Det internasjonale vektløftarforbundet (IWF) blei stiftet i 1905 og organiserer olympisk vektløfting.

For å få eit nokon lunde likt kroppsleg utgangspunkt for konkurransar, er vektløfting delt i 10 vektklasser for begge kjønn.

NVF

Norges Vektløftarforbund (NVF) blei stifta i 1946, og har klubbar fordelt over heile landet. Per i dag er den største aktiviteten i Vestland fylke, og soleis vil eit VM i denne regionen vere til stor inspirasjon.

I Norge er vektløfting ein idrett frå ungdom på 12-13 og opp til våre master løftarar på over 80. Vi likar soleis å sei at vektløfting er ein idrett for alle. Treningane inneheld ei rekke basisøvingar som



gjer det lett å kombinere med annan idrett, noko NVF oppmuntrar til. Utstyret vi brukar er brukt av dei aller fleste idrettar, og våre trenrarar bidrar inn mot mange ulike idrettar då kraft og styrke er ein vesentleg kriterie for svært mange idrettar.

VM i vektløfting

Dei to løfta, deltakarar og deltagarnasjonar

- Det vert konkurrert i rykk, støt og samanlagt for både kvinner og menn.
- Det er 10 vektklassar for begge kjønn
- 100 deltagande nasjonar
- Ca 700-800 utøvarar og 1.200 - 1.500 akkrediterte trenrarar og leiarar
- Et par hundre mediefolk og dommarar

Alle akkrediterte er minimum på plass to dagar før dei konkurrera og minimum ein dag etter. Mange er i Sunnfjord og Vestland betydeleg lengre.

Arenakrav

IWF stiller følgande krav til arena for VM i vektløfting:

- Arena med plass til løfteplatt – scene på (10x10m)
- Tilskodarkapasitet på minimum 2.000
- Oppvarmingshall – ca 300 kvm
- Treningshall med 40-50 treningsplattingar med stenger, garderober, badstu og mulighet for veging
- Lokale for media
- Lokale for dommarar
- Lokale for frivillige

Ut frå kravspesifikasjon er Førdehuset godt eigna for arrangementet, det er ikkje skrikande behov for investeringar i ny arena eller i infrastruktur. Når det er sagt so er det prosessar rundt å få på plass ein hall som kan huse internasjonale kampar i volleyball og handball, slike lokale vil heve kvaliteten på meisterskapen ytterlegare.

I budsjett for gjennomføring (sjå under) er det estimert ca 10 mill. kr. til utstyr og anlegg. Denne posten skal dekke bruk og rigg av hovudanlegg og eit treningsanlegg. Rigg omfattar anskaffing og oppsett av konkurranseplatt og anna utstyr i konkurranseanlegget og bruk og tilsvarende innreiing av ein treningshall. Treningshallen kan vere i eksisterande delar av Førdehuset, i ein hall ved det gamle skipsverftet i Førde – eller i Naustdalshallen som ligg 15 km vekke.

Arrangement/varigheit

Arrangementet går over 10 dagar pluss tid for rigg opp og ned. Det er krav frå IWF at arrangementet skal gjennomførast innanfor tidsrommet frå medio september til slutten av november i 2025

Publikum/tilreisande

Det er berekna at det vil komme ca 5.500 tilreisande til arrangementet. Berekningane er justert ned opp mot vurderingar føretatt i samarbeid mellom Bryte VM og Innovasjon Norge basert hovudsakleg på erfaringstal frå tidlegare VM i bryting. Dette gjev grunnlaget både for estimerte publikumstal (kor



det reknast med også eit antall norske tilskodarar) og overnattingar og omsetning i Sunnfjord og Vestland som vist i arrangementskalkulator.

Kva vil eit VM bety?

Målet med arrangementet er at vektløftarmiljøet særskilt og idrett generelt skal sitte igjen med ei varig aktivitetsauke etter at VM 2025 er ferdig. Derfor vil vi ha tiltak på ei rekke områder som skal bidra til å gjere dette mogeleg.

Integrering

Vektløfting er en verdsidrett med organisert aktivitet i dei aller fleste land i verda. Spesielt er vektløfting ein utbreidd idrett i sørvest Europa, Tyrkia, Iran, Asia og sør og nord Amerika. Vektløfting er ein idrett svært mange av flyktningane som har komme til Norge den seinare tid kjenner godt. Vi ser alt no at vi tiltrekk oss mange som har komme til landet og at vi som idrett kan bety (og betyr) myke i forhold til integrering. Eit VM i Sunnfjord og Vestland vil gje oss eit stort løft i forhold til å nå ut til desse gruppene med menneske.

I oppkjøringa til VM vil NVF ta initiativ til «prøv vektløfting» arrangement med eit eige nybegynnarsstemne med VM-billetter som premie.

NVF planlegg også ei rekke «bli kjent med våre klubbar» arrangement i område med mange innvandrarar. Som ein del av dette initiativet vil vi ta initiativ til å etablere vektløftargrupper i fleire fleiridrettslag rundt om i landet der vi ser interessa er tilstades. Arrangementa er naturlegvis opne for alle, men lokalisering vil bli valt ut med tanke på å involvere barn og unge som i dag ikkje har et treningsstibod innan vektløfting.

Tiltaka over vil NVF prioritere i sitt arbeide uavhengig av et VM i Norge, men et VM vil klart auke merksemda, gjennomslaget og klubbane sitt engasjement i arbeidet.

Frivillige og unge leiatar

Det vil vere behov for et stort antall frivillige til både planlegging (sjå over) og gjennomføring av VM. Eit VM vil gi vektløfting og idrett generelt eit løft i forhold til rekruttering av frivillige som vil kunne bidra inn i idretten på mange områd også etter at arrangementet er ferdig. Vi ser for oss eit nært og godt samarbeid med VIK for å utnytte dette på best mogeleg måte.

For å sikre god gjennomføring av påtenkte aktivitetar vil NVF intensivere egne trenarkurs, dommar kurs og leiarkurs. Vi ser for oss både kurs innanfor ramma av tradisjonell trener og dommarutdanning og større samlingar.

Vi tar spesielt sikte på å gjennomføre et leiarkurs for ungdom i samarbeid med Vestland idrettskrets og NIF. Vi ser føre oss å invitere ca 15-20 ungdommar fordelt på alle våre regionar. Tanken er at de gjennomgår et leiarutviklingsprogram i forkant av VM og at dei får spesifikke oppgåver knytt til gjennomføringa av arrangementet. Etter VM gjennomførast siste del av utviklingsprogrammet kor vi vil gjere ungdommane både motivert og i stand til å gå inn i roller i sine klubbar/område.

Rekruttering

Vi tenker å lage et program kor vi besøker alle ungdomskular i Sunnfjord og omliggande område. Alle vil då få tilbod om instruksjon og opplæring frå kvalifiserte trenarar frå NVF. Vi vil invitere så vel



lærarar og aktive innan ungdomsarbeid til å lære om vektløftarsporten og sportens grunnteknikkar. Vektløfting er ein basisidrett med øvingar som vil være bra for motorikk, spenst og styrke innan en rekke idrettar, også for alle som berre ønskjer å trenere.

Gjennom skulebesøka vil lærarane også få formell opplæring i øvingar som dei kan nytte i kvardagen. I etterkant av besøka vil elevane få tilbod om å delta i aktivitetane til lokale klubbar.

Vektløfting er i dag ein idrett kor mange begynner i alderen 11 – 13 år. I forbindelse med VM vil NVF skape et langt tydelegare tilbod for å starte vektløftartrening også for eldre ungdom og unge vaksne.

Nye klubbar

I forbindelse med rekrutteringsarbeidet vil vi parallelt forsøke å starte nye vektløftarklubbar, dette vil vi ha fokus på i heile landet.

Som ledd i dette vil vi legge til rette for at alt utstyr som vert kjøpt inn til VM i vektløfting skal gå til eksisterande klubbar som er med å jobbe dugnad og at ein betydeleg del av utstyret skal gå ut til nyoppstarta klubbar over heile landet.

Marknad og synlegheit

Marknads- og interesse messig vil eit VM bety mye for norsk vektløfting. Vi er sikre på at et VM i Sunnfjord/Vestland i 2025 vil gje synergiar i forhold til økonomi og marknadsføring både før og etter arrangementet. At vi i dei nærmaste åra har nokon gode og lovande utøvarar på brukbart internasjonalt nivå, som samtidig er fine personlegheiter, er sjølv sagt også et pluss.

Tidspunktet for arrangementet er også godt i forhold til reiselivet som treng aktivitet i en uke som tradisjonelt har mindre aktivitet.

Vi har som ambisjon om å synleggjere Sunnfjord og Vestland som arrangementsstad. I forkant av meisterskapen vil vi freiste å få lagt store seminar til Sunnfjord og Vestland.

Med såpass mykje media tilstades og som rapporterer tilbake til over 100 land vil eit VM i vektløfting i Norge i 2025 gje mykje reklame for Norge med langt større internasjonalt fotavtrykk enn f eks. VM i meir tradisjonelle norske idrettar som gjerne ikkje er so utbreia i den store idrettsverden.

Miljø

Vi vil etablere kontakt med miljøorganisasjonen Greener-Events (<http://greener-events.com>) og har som intensjon å innleie eit samarbeid som vil omfatte så vel etablering av ambisiøse miljømål for arrangementet som oppfyllelsen av desse.

Samfunnsnytte

I tillegg til den ikkje-økonomiske nytten som er beskrive so langt i søknaden, er det også føretatt berekningar av arrangementets næringsmessige og økonomiske nytte. Til dette arbeidet har Innovasjon Norge AS bistått VM i bryting 2021 ved å ta i bruk et verktøy for berekning av nytteverdi som har blitt utvikla og vert driven av PWC (arrangementskalkulator) for Innovasjon Norges AS. Rapporten frå gjennomgangen er sendt departementet tidlegare.

Fra vedlegget til bryte VM 2021 legg ein spesielt vekt på følgande nøkkeltall:



VM Bryting VM Vektløfting (75% av bryting)

Antall akkrediterte:	ca. 3 000	ca. 2.250
Andre ikkje-lokale og utanlandske besøkande:	ca. 7 300	ca. 5 500
Antall overnattingsdøgn:	ca. 33 900	ca. 25.500
Tilreisandes kjøp av varer og tenester:	ca. 31,2 mill. kr.	ca. 23,4 mill kr
Direkte etterspurnads auke i regionen:	ca. 53,5 mill. kr.	ca. 40,1 mill kr
Indirekte effektar:	ca. 25,4 mill. kr.	ca. 19 mill kr
Estimert regional verdiskaping:	ca. 78,9 mill. kr.	ca. 59,1 mill kr
Sysselsettingseffekt:	ca. 66,2	ca. 49,7

VM i vektløfting er 20-30% mindre kva gjeld deltagarar, dei presenterte nøkkeltala for eit VM i vektløfting med utgangspunkt i 75% av bryte VM. I tillegg til denne berekna verdien kjem verdien av å vise frem Sunnfjord, Vestland og Norge, norsk idrett og norsk vektløfting til eit særstort antall TV-sjåarar internasjonalt.

Organising

Vi har ikkje komme langt nok i planlegginga til å ha dette helt klart. Det som er snakka om hittil er å lage eit frittståande selskap for arrangementet. Det kan fort være naturlig at kommune, stat eller andre blir med i et slikt selskap slik at de er med på styringa av hele prosjektet. Vidare vil det vere naturleg å invitere idrettslag i Sunnfjord inn på eigarsida av eit slikt selskap.

Samarbeid med norsk idrett sentralt

SFF og NIF har saman med Innovasjon Norge AS etablert et prosjekt for saman å profesjonalisere arbeidet og få fleire internasjonale idrettsarrangement i Norge. NVF ønskjer å søkje samarbeide for å dra nytte av dette arbeidet i alle fasar av arbeidet med VM i vektløfting.

NVF er opptatt av at arrangementet gjennomførast profesjonelt, at styring av økonomi og andre suksesskriterier skjer på ein profesjonell og solid måte og at risiko identifiserast og handterast slik at usikkerheit minimerast.

Tidsrom

Vi ønsker å søke **VM i 2025**. Arrangementet ønskast lagt til **veke 41** som er haustrerieveka i Sunnfjord. Dette er tradisjonelt ei veke med mindre aktivitet for reiselivet og vil gje oss god mogelegheit til å få gode avtaler i forhold til kost, losji og transport. Det er mogeleg å legge arrangementet til eit annet tidspunkt, men det vil ha konsekvensar for arrangøren både når det gjelder økonomi, tilgang til frivillige og på andre områder av praktisk karakter.



Økonomi

Budsjettet er laga med utgangspunkt i erfaringstal frå tidlegare VM og EM i Norge 2016 og med forutsetningar for Sunnfjord 2025.

Inntekter	NOK	Kostnader	NOK
Billettsal	500 000	Kost, losji og transport deltagarar	18 000 000
Sponsorar	13 000 000	Kommunikasjon og marknad	2 000 000
Deltakaravgift	18 000 000	Marknadsrettigheiter	10 000 000
Kiosksal pluss div	2 300 000	TV produksjon	3 000 000
Mva kompensasjon	700 000	Støtte til deltagarar	500 000
Div stiftingar	5 500 000	Marknadsføring internasjonalt	1 000 000
Offentleg støtte	20 000 000	Premiar	1 000 000
		Oppfølging media	500 000
		Akkrediteringssystem	400 000
		Administrasjon	9 000 000
		Utstyr/leige hall/bygging arena	2 000 000
		Konkurransemateriell	8 000 000
		Integreringsprosjekt	1 000 000
		Diverse	2 000 000
		Bankett	600 000
		Overskot	1 000 000
Total	60 000 000	Total	60 000 000

I tillegg til betaling for TV-produksjon har IWF også kravd ei tildelingsavgift på 10 mill. NOK kr.

Gjennom forhandlingar vil vi jobbe for å få redusert denne.

Som det framgår er det behov for inndeckning av kostnader til bruk av anlegg til arrangementet og støtte frå det offentlege på 20 mill. kr. ut over dette.

NVF har komme til at det vil være riktig å legge opp til ein søknad til Sunnfjord kommune, Vestland fylke og Sunnfjord Utvikling om 10 millionar til denne støtta, og ein søknad til staten for den resterande støtta.

Det vil bli lagt opp til at disponeringa av eit eventuelt overskot frå arrangementet regulerast i ein avtale med Sunnfjord kommune og Vestland fylke. Det vi som forbund er opptatt av, er å styrke våre lokale klubbar i landet, samt få etablert nye.

Søknad om støtte frå Vestland fylke

Det søker om dette om et tilskot frå Vestland fylke på kr 8 mill. NOK. Av praktiske og likviditetsmessige grunnar vil det være en fordel om at tilskottet vert gjort tilgjengeleg slik:

2021 0,5 mill. NOK

2022 0,5 mill NOK



2023 1 mill. NOK

2024 1 mill NOK

2025 5 mill NOK

NVF gjer merksam på at det i tillegg til økonomisk støtte frå Vestland fylke søker om kr 12 mill. NOK. I støtte frå kulturdepartementet, Sunnfjord utvikling og Sunnfjord kommune.

På det noverande tidspunkt har kulturdepartementet opplyst at det vil kunne vere tilstrekkeleg med ei villigheitserklæring frå Sunnfjord kommune og Vestland fylke.

Utan positivt tilsegn både frå dei ovannemnde vil arrangementet bli svært vanskeleg å gjennomføre.

Tids- og framdriftsplan / søknadsprosess internasjonalt

Støtte frå Sunnfjord kommune, Vestland fylke og Sunnfjord utvikling vil vere avgjerande for ein søknad, denne bør endeleg leggast fram seinast under junior VM våren 2022.

Det har – som beskrive – vert god dialog med IWF heile vegen. Gjennom denne dialogen er det svært gode signal om at arrangementet tildelast Sunnfjord dersom NVF får finansieringa på plass i tide.

Spørsmål om støtte frå Sunnfjord kommune bør være avklart i god tid før utgangen av 2020, då enten gjennom ei løyving eller gjennom ei villigheitserklæring. Kulturdepartementet treng dette før dei kan handsame søknaden vi har inne der.

Overskotsforvaltning

NVF har utarbeida eit budsjett for arrangementet som etter eige syn er nøkternt og robust. Det bør kunne forventast at arrangementet endar trygt på plussida, truleg med nokre millionar. NVF vil ikkje ta dette inn i budsjettet – det er ønskeleg å halde det robust og nøkternt.

Med store offentlege tilskot til arrangementet vurderer NVF det som fordelaktig om det alt i søkerfasen klargjerast kva eit eventuelt overskot bør gå til og korleis det bør forvaltast. Det signaliserast derfor alt no at eit eventuelt overskot bør gå til tiltak for å utvikle vektløftarsporten i Norge gjennom tiltak i hovudsak retta inn på anleggsutvikling og støtte til utvikling av eksisterande og nye miljø og klubbar.

For forvaltning av overskotet vil det bli etablert eit utval som skal utarbeide tilråding til NVFs styre for disponering av aktuelle overskotsmidlar. Staten, Vestland fylke og Sunnfjord kommune vil bli invitert til å ha representantar i dette utvalet.

Stian Grimseth

President



NORGES VEKTLØFTERFORBUND

Tlf. +47 913 60 531

E-mail: sg@bthus.no

Web: www.vektlofting.no

NORGES VEKTLØFTERFORBUND
Norwegian Weightlifting Federation

NVF, Postboks 9904 Flatåsen, 7479 Trondheim
Tlf. +47 480 42 210
E-mail: vektlofterforbundet@idrettsmail.no
www.vektlofting.no



Norwegian Weightlifting Federation

NORGES VEKTLØFTERFORBUND
Norwegian Weightlifting Federation

NVF, Postboks 9904 Flatåsen, 7479 Trondheim
Tlf. +47 480 42 210
E-mail: vektlofterforbundet@idrettsmail.no
www.vektlofting.no